



Sogn og Fjordane fylkeskommune
postmottak.sentraladm@sfj.no

Regional planstrategi - fråsegn

Vi viser til analyse- og utfordringsdokument og møtet 20. september. Sogn regionråd har følgjande innspel til kva regionale planar som bør lagast og til planprosessen.

Nedgang i folketallet er den største utfordringa i vår region. Sogn regionråd har valt fem satsingsområde for å styrka og utvikla regionen: 1) Felles bu- og arbeidsmarknad, 2) helse, 3) næringsutvikling – utvikla næringer vi er sterke på, 4) Sogndal si rolle som regionsenter og 5) utdanning, skule og kompetanse. Regionalplanen for Sogn regionråd følgjer vedlagt.

Med utgangspunkt i hovudutfordringa som er folketalsnedgang i regionen og regionrådet sine satsingsområde meiner vi planstrategien bør omhandla oppstart av desse to planane:

1. Regional transportplan
2. Regional næringsplan

Regional transportplan bør omhandla også andre forvaltningsnivå enn det fylkeskommunale.

Kommunane ønskjer å bli involverte aktivt i utforminga av dei regionale planane og fylkeskommunen bør bruka dei kommunale planane i sitt planarbeid. Det er viktig at planprosessane er godt koordinerte og prioriterte. Forankring i relevante politiske og faglege miljø er også nødvendig. For å unngå høg ressursbruk i planarbeidet bør det leggjast til rette for at kommunane deltek i prosessar gjennom regionrådet. Sogn regionråd ønskjer å delta i aktuelle fora og som høyringspart i planar som samanfaller med rådet sine satsingsområde. Vi føreset at næringslivet vert høyringspart i desse planane. Vi ber om at planprogrammet til den enkelte plan avklarar deltakinga.

Planane må skapa gode rammer for vidare utvikling. Sogn regionråd meiner at planane ikkje må gjerast for omfattande og fokus bør vera på å få fram moglegheitene for næringsutvikling og regional utvikling.

Med helsing

Noralv Distad
leiar i Sogn regionråd
(sign)

Marta Finden Halset
leiar i regionalplangruppa
(sign)